



ÅRSMELDING 2015

Styret i meldingsåret:

Leiar: Olav Steinar Namtvedt
 Nestleiar: Geir Olav Repål
 Kasserar: Britt Straume
 Skrivar: Jostein Borlaug

Turngruppa: Jimmy Amundsen, Adelheid Instebø
 Banenemnda Sletta: Olav Steinar Namtvedt
 Banenemnda Sæbø: Radøy/Manger har driftsansvar i samsvar med avtale.
 Idrettsrådet: Jostein Borlaug, Geir Olav Repål
 Cato Plettens Minnefond: Vigdis Thomassen

Arbeidsåret 2015:

Styret har hatt 7 styremøter.

Medlemstal: 230. Av desse om lag 180 aktive..

Aktuelle saker:


- **Samfunnshuset "Skogen"**
 - Samfunnshuset arbeider med planar for utviding. Teikningar og nabovarsel ok. Søknader om løyve må sendast kommunen. Tiltaket er inne på kommunen si liste over anlegg.
 - Parkeringsplassen utanfor garderobane er asfaltert
 - Vask av salen blir no ordna av laget. Vask i garderobane med innleigd hjelp.
 - **Baner Sletta/Sæbø**
 - Bana på Sletta i god stand; -vert slått min 2 gonger i veka i sesongen. Noko sand er tilført, men her må gjerast ein innsats til våren. Rydding kring anlegget må prioriterast.
 - Vatningsanlegg ikkje i bruk grunna lite tørke. Slåttestyret på traktoren defekt. Ny grasklippar innkjøpt.
 - Vegen på oppsida av bana er asfaltert og det er sett opp ein del gjerde. 3 portar er skifta kring anlegget.
 - Bedet er vedlikehalde av Radøy Arbeidssenter. Tregjerdet langs innkjøringa på oppsida av bana har fått grønmaling.
 - Det er støypt fundament/golv for oppsetting av garasje ved inngangsporten på nedsida av bana.
 - R/M har driftsansvar for bana i Austmarka og bana er mykje nytta.
 - Tippetmidlar er innvilga med kr.1.852.000,- Søknad om utbetaling er sendt gjennom Radøy kommune.
 - Søknad om moms-kompensasjon vart (til slutt) innvilga med kr. 1.021.260,-. Desse midlane er overført Radøy kommune, då dei hadde forskottert moms-


kompensasjonen. Udekka krav frå Radøy kommune på kr. 261.852,- er søkt sletta. Endeleg svar ligg ikkje føre enno.


- Ved rullering av anleggsplan for idrett og friluftsliv ligg RIL inne med fylgjande anlegg: Garderobebygg i Austmarka.
- **Turn**
 - Største aktivitet i laget, med tilbod på Sletta og i hallen på skulen på Sæbø.
 - Turngruppa arrangerer sommar- og juleoppvisning i Radøyhallen, båe med stor deltaking og mange på tribunen. Gruppa gjer ein stor innsats og har høg aktivitet.
- Ansvar for gjennomføring av basar på Sæbø; - litt over kr 50.000,- i inntekt.
- Hovudstyret syner elles til turngruppa si årsmelding.
- **Andre aktivitetar**
 - Ei treningsgruppe trenar fotball i huset/på bana(Sletta) i vinter-/sommarhalvåret
- **Økonomi**
 - Rekneskapen syner eit overskot på kr.247.889,-, så økonomien er tilfredsstillande.
- **Anna**
 - Heimesida, www.radoyidrettslag.org, med Jostein Borlaug som redaktør, saknar fleire innlegg og bilete. Alle vert oppmoda om å senda inn aktuelle meldingar/aktuelt stoff.
 - Medlemsadministrasjon i laget må bli betre. Nytt system må opprettast i løpet av 2016. Mykje arbeid for å få det på plass, men vil letta framtidig arbeid med registrering.
 - Radøy kommune og Hordaland idrettskrets sender med jamne mellomrom ut informasjonsskriv med ymse aktuelt stoff. Positivt.
 - Bingo i Knarvik. RIL har signert ny avtale med Sentrum Bingo AS for 2016, og me ber interesserte om å støtta tiltaket. Bra inntening for laget.
 - Idrettsrådet arbeider aktivt og har god kommunikasjon med kommunen.
 - Året vart avslutta med ei hyggeleg samling på Radøystova for styre, trenarar, leiarar og banenemnd.
 - Styret etterlyser nye aktivitetar. Me er avhengig av at nokon tar leiaransvar, og vonar me kan få nye aktivitetar i gang i 2016.

Styret vil takka alle som har tatt del i idrettslaget sitt arbeid i 2015. Stor innsats frå frivillige og interesserte er avgjerande for vidare aktivitet i laget.

Sletta i februar 2015


Olav Steinar Namtvedt
Leiar


Geir Olav Repål
nestleiar


Jostein Borlaug
skrivar


Britt Straume
kasserar